

# Bygdabladet

for BOKN



Kunstkafé s. 5



Solnedgang over Arsvatnet s. 2

Ny brannstasjon s. 3

Korleis skapa næringsvekst? s. 5

# Bygdabladet



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skulelevar og studentar.

**Redaktør** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: [jardar.havikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jardar.havikbotn@bokn.kommune.no)/post@bygdabladet.no

**Journalist** Reidar Alvestad, tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04  
E-post: [reidar.alvestad@bokn.kommune.no](mailto:reidar.alvestad@bokn.kommune.no)

**Medarbeidar** Linda Ognøy, tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82  
E-post: [linda.ognoy@bokn.kommune.no](mailto:linda.ognoy@bokn.kommune.no)

## BYGDABLADNEMND

Johannes Nilsen  
Ellen Nedrebo  
Lars Norekvål

## GJELDANDE ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 625,-
Halvside	kr. 375,-
Kvartsida	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 62,-
Fastann./fargeann.	etter avtale



Stort forsidebilde:

Kunstkafé

Foto: Jardar Havikbotn

## MMS

### Månadens MMS-bilde for oktober

Bygdabladnemnda sine nominerte denne gong var *Hostablad i haustfargar* (Margunn Taraldlien), *Solnedgang over Arsvatnet* (Karen Nesse Hetland) og *Flott eksemplar* (Margunn Taraldlien).

Vinnaren blei **Karen Nesse Hetland**, som får eit kommunekrus. Gratulerer!  
Bildet ser du på framsida og i albumet i nettutgåva.

### Temabasert

Veks/Månadens MMS er knytta opp til eit bestemt tema.  
**Temaet for desember er JUL. KNIPS I VEG OG SEND INN!!**

- redaktøren -



## RDFØRAREN RDET

### Kjære sambygding

#### Fleirbrukskall

I samband med kommunesamslutningsprosessen som pågjekk i Bokn for eit par år sidan, blei det blåst liv i tanken om å bygga ein fleirbrukskall i kommunen. Ved ei eventuell samanslåing ville det bli løyd pengar til eit slikt prosjekt frå staten. Då det ikkje blei noko samanslutning mellom Bokn og Tysvær, blei desse planane lagt vekk.

Behovet for ein fleirbrukskall er likevel tilstades. I dag fungerar gymnastikk-salen på skulen som kommunen si storstove og samfunnshus. Pågangen til å bruke desse lokala er til ei kvar tid stor, og frå tid til anna må aktivitetar avlyssast.

Den hyppige bruken gjer at slitasjen på gymnastikksalen er stor. I tillegg kan ein koma i konflikt med brannforskrifta ved større arrangement.

Formannskapet innstilte i møte 18.11.08 ei prosjektgruppe som skal utarbeida eit forslag til bygging av ein fleirbrukskall i Bokn. Prosjektgruppa sitt mandat er å laga ein funksjons- og kvalitetsskildring, samt kostnadsoverslag for anlegg og infrastruktur for ferdigstilling av ein fleirbrukskall innan 2012.

Prosjektgruppa skal utarbeida forslag til byggfestad, kva type hall ein ynskjer

å bygga, finansieringsplan, bruksområde og drift.

Eg har hatt inntrykk av at ein fleirbrukskall har stått høgt på ynskje-lista til boknarane i mange år. Eg trur det er på tide å blåsa liv i desse planane igjen og jobba for at bygda får eit bygg som møter behova til dei ulike laga og organisasjonane og det øvrige kulturlivet i Bokn. Med ein slik hall vil ein bygga for framtida og gjera Bokn til ein endå meir attraktiv kommune å flytta til, samstundes som ein utvidar tilbodet til dei som bur i bygda.

Formannskapet er styringsgruppe i samband med prosjektet. Prosjektgruppa arbeider på frivilleg basis. Saka skal til behandling i kommunestyret den 9. desember.

#### Julebordsesong


Me er allereie godt inne i julebordsesongen og mange av oss skal setja opp til fleire kveldar for å koma saman med gode kollegaer og venner og nyta god mat og drikke.

I ein hektisk kvardag er det ikkje alltid tid til å stikke innom nabokontoret for å ta ein drøs med arbeidskollegaene over ein kaffikopp. Men den uformelle, femminuts drøsen, har ein viktig sosial funksjon i ein jobbsamanheng; han fungerar som smoring i samfunnets maskineri og det fremjar trivsel på arbeidsplassen.

Julebordet blir difor ein arena der ein har høve til å ivareta delar av dette.

Det er likevel grunn til å minna om å vise omsyn i ein hektisk julebordsesong. Det viser dessverre alle avisoppsлага i kjølvatnet av desse tilstellingane. Ein av ti har droppa sosiale tilstellingar på jobben, mellom anna julebord, fordi det blir drukke for mykje alkohol. Det kjem fram i ei ny undersøking som er gjort av Synnovate MMI for Sosial- og helsedirektoratet.

Det er viktig å ikkje satse på at alkoholen skal vere einaste underhaldninga på julebordet. Det må vere gode alkoholfrie alternativ: Somme vil ikkje ha alkohol, mange skal på jobben dagen etter eller dei som skal køyre heim eller heim til familien.



Kos deg på julabordet, det er vel fortent. Vis omsyn og la julebordet bli ei hyggeleg oppleving for alle.

Ordføraren

# Ny brannstasjon

Reidar Alvestad

**Om kvelden onsdag den 5. november klipte ordførar Kyrre Lindanger av kjettingen som var sett opp ved brannbilen inne i den nye brannstasjonen. Dette markerte opninga av den nye brannstasjonen på Alvestad.**

slag om kva bygget skulle brukast til etter nedlegginga.

Etter kvart fann ein ut at garasjen for brannbil på Boknaberg var for trang og lite tilfredsstillande til å ha som brannstasjon, og det vart bestemt at den

av den nye stasjonen at det første brannvesenet i Bokn vart oppretta i 1976. Men den første brannbilen kom ikkje før tidleg på 80-talet. Dette var ei gáve frå Karmøy Fabrikker.

Etter det vart brannstasjonen på



Framme frå venstre: Torleif Tollaksen, Ronny Taraldlien, Tor Harald Alvestad, Fredrik Faye, Arild Ognøy, Bjørnar Bryningsland, Arild Nilssen, Hans Faye.  
Andre rekke frå venstre: John Øvrebø, Terje Alvestad.

På taket frå venstre: Unni W.W. Høivik, Alf Åge Alvestad, Kaj Arne Christiansen, Frank Karoliussen og Torvald Øvrebø.

## Frå løe til verkstad og brannstasjon

Som kjent var det i 1960-åra at Bokn kommune kjøpte ein gard på Alvestad, kor ein del av arealet vart nytta til busstafelt.


Ei løe som sto på garden vart ombygd og påbygd til mekanisk verkstad. Denne har vore i bruk fram til for få år sidan, og det har komme mange for-

gamle verkstaden skulle setjast i stand til ny brannstasjon.

Her får ein både møterom, og god plass til alt utstyret som skal plasserast oversiktleg og lett tilgjengeleg. Romsleg og føremålstenleg er den nye stasjonen blitt

## 32 år utan brannvesen

Brannsjef Hans Faye sa ved opninga



Ei flott marsipankake med bilde av den nye brannstasjonen var innkjøpt til markeringa av den nye stasjonen.



Ordførar Kyrre Lindanger måtte bruka alle kreftene sine då han ved hjelp av ei avbitartang skulle klippa av den solide kjettingen.

Boknaberg sett opp på dugnad. I 1999 vart det innkjøpt ein brukt redningsbil som også er utstyrt til å brukast ved trafikkulykker.

Sju brannar i bygningar har det vore i dei rundt 30 siste åra. Men brannvesenet har hatt utsyning til mange trafikkulykker sidan fastlands-sambandet med ferjetrafikk vart opna.

# Kjetils kveld

Tekst: Jardar Havikbotn – foto: Ina V. Tangen

**Sleppet av Kjetil Hamres si bok "i ord i bilder" på biblioteket 5.**

**november blei svært vellukka.**



**Kjetil Hamre i Aksjon.**

Biblioteket blei temmeleg fullt i løpet av den siste opnings-timen, og då klokka blei 19.00 kunne forfattaren ynskja 30 fram-møtte velkomne til bokslipp, store og små, ja, heilt frå Sola kom der folk.

Ein del unge publikummarar kom for å få med seg innslaget med Henrik Nilssen og Emma Svendsen som fekk æra av å opna formidlinga av tekstar og tonar. Det var naturleg for Kjetil å starta der han slapp på bokslippet for to år sidan, med tekstar fra diktsam-linga "Med små bokstavar og korte skritt", og Henrik og Emma framførte fire av dikta frå denne boka, som dik-taren sjølv hadde laga melodiar til.

## Frott stemme

Ei lyttande forsamling fekk ei fin stund der to gitarar bar fram ein klar og føl-som stemme med fin tekstattale, og som passa godt til dikta.

Spesielt dei to siste songane, "Øvesit øve verden" og "Demokrati" hadde eit leie der Emma sin stemme kom spesielt godt fram, og tilhøyrarane lot seg imponera. Henrik sitt fine gitarspel fungerte glimrande i det gode samspelet, både i instrumentalparti og som musikalsk krydder til vokalen.

Emma fortel at det er rock og blues ho likar best å synga, men ho synest det er viktig å framföra ulike stilartar. Det kan me vera glade for, og eg håpar og trur at sambygdingar får høyra meir til

det musikalske paret framover.

Det er stort og spesielt når andre tolkar tekstane og melodiane dine, og ein stolt og rørt poet takka dei unge musikarane med gode ord og signerte bøker.

## "i ord i bilder"

Kjetil har allerede solgt 160 eksemplar av den ferske boka, og denne kvelden hadde han valt å presentera utdrag med hjelp av musikk og lysbilder.



**Henrik Nilssen og Emma Svendsen.**

Diktaren og fotografen blei også komponist og vokalist, og saman med underteknna på keyboard framførte han nye melodiar.

Fem viser hadde me fått øvd inn, fire av Kjetil og ei av keyboardisten.

Titlane her var "Fyrtårnskvann", "I det grønna graset", "Trollskogen", "Blåklokka" og "Sleipnerforliset", sist-nemnde er det einaste bildet i boka som ikkje er tatt i Bokn.

Forfattaren og fotografen småprata om boka, om bakgrunnen for bildene og korleis han har jobba.

- Eg håpar og trur at publikum treivst, seier Kjetil.

Akkurat det var det ingen tvil om, skal ein døma etter all skryten frå smilande fjes i den påfølgande matøkta. Kjetil signerte og solgte bøker medan drøsen gjekk livleg inne i det stappfulle biblioteket.

## Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

**Gnr 9, bnr 108, sek-sjon 1** er solgt for kr 1.000.000 fra Ingleif Kro og Linn Cathrine Kro til Anita Cecilie Grønnestad Bokneberg

(07.10.2008)

**Gnr 20, bnr 31** er solgt for kr 1.000.000 fra Nina Elisabeth Søndeland til Runar Sørensen

(23.10.2008)

Kjelde: Statens Kartverk

## På kino

28.11: Mummitrollets farlige midtsommer/Fatso



12.12: Madagaskar 2/James Bond: Quantum of Solace

Les om filmane på filmweb.no/bygdekinoen



Kiosk fra kl. 17.30 – velkommen!

## Hvordan skape næringsvekst i Bokn?

Kari Christensen

**- Hva skal til for at en bedrift skal finne Bokn attraktiv, hvor kan du som vil etablere egen bedrift søke råd, og hvordan få støtte fra næringsfondet? Det var sentrale spørsmål da Næringsforum og Bokn kommune inviterte til temakveld på Boknatur 17. november.**

### Selvforsterkende elementer

Inger Kallevik Haavik (**bildet**), nyansatt seniorrådgiver og nestleder i Haugaland Vekst understreket kommunens rolle som tilrettelegger for næringsutvikling.

- Boliger og tomter er selvforsterkende elementer, det samme gjelder tilgang til næringstomter, sa hun.

Kommunale planer gir grunnlag for etablering – her er prosjektet Kjekt på Bokn et godt eksempel. Tett kontakt mellom bedrift, næringsforum og kommunen er en annen forutsetning.

Ønsker kommunen og innbyggerne nye arbeidsplasser, må det være kul- tur for nytenkning. Dette er en lang- siktig prosess, den starter med de unge. Haavik tok frem et eksempel - en nasjonal undersøkelse av grupper med elever som har deltatt i "Ungt entreprenørskap" i skoletida. Sjansen

for at de som voksne starter egen bedrift øker med rundt 20 % i forhold til elever som ikke har vært med på slike skoleprosjekter.

### Tohundre tusen i næringsfond

Ordfører Kyrre Lindanger orienterte om kommunens næringsfond. Rogaland Fylkeskommune har bevilget kr. 200 000 til næringspolitiske virke- midler i Bokn, og det er vedtatt retningslinjer for bruk av midlene.

Søknadsbeløp opp til kr. 20 000 avgjøres administrativt, ut over dette avgjøres saken i formannskapet. En orientering om næringsfondet, med informasjon om prioriterte områder, søkeradslutning m.v. legges nå ut på kommunens nettsider.

### Øremerket for Bokn

At Bokn er med i Haugaland Vekst innebærer at foretaket har overtatt oppgaver som tidligere lå til nærings- sjefen. De har oversikt over virke- middelapparatet – d.v.s. hvor en etablerer kan søke finansiell og faglig støtte til utviklingsprosjekter.

Inger Kallevik Haavik har både Bokn og Tysvær som "sine" kommuner. Med bred erfaring og et tydelig enga- sjement for lokal utvikling har Bokn



her fått en solid rådgiver i nærings- arbeidet.

### Hun treffes på Haugaland Vekst i

**Haugesund,**

**tlf. 52 01 08 13**

**Mobil: 404 05 091**

**E-post: haavik@h-vekst.no**

**www.haugaland-vekst.no/**

## Kunstkafé i barnehagen

Tekst: Silje K. Gismarvik - foto: Jardar Havikbotn



Me i barnehagen hadde kunstkafé der foreldre, søsken, besteforeldre var inviterte.

Me starta med at barna song to songar som me hadde øvd på.

Det kom om lag 120 personar innom

denne ettermiddagen. Det var sal av lapskaus m/dessert og dette var kjem- pepopulært. Foreldre gav også i år uttrykk for at det var greit å kjøpa ferdig middag.

Det var ellers sal av lodd og barnas kunst som dei hadde laga.

Me takkar lokale bedrifter/organisasjonar for flotte gevinstar til utloddinja, samt foreldre og tilsette som også bidrog.

**Det kom inn 8.420 kr, som er sett på konto til Redd Barna.**



# Klassetur med Aktive Fredsreiser



Klassetur for 10. trinn til Polen og Tyskland med Aktive Fredsreiser er nå blitt ein tradisjon ved Bokn skule. Dette siste året har også kommunen garantert økonomisk for turen, og gir med det eit tydelig signal om at dette er eit opplegg boknarar ynskjer skal fortsetje.

Dei føresette og elevane i 10. trinn har jobba dugnad og drive med sal av

forskjellig for å få inn nok pengar, noko dei klarte med glans. Ungdommene hadde til og med noko lommepengar frå felleskassa.

Tema for turen er menneskerettar og brot på desse, med fokus på andre verdskrig og holocaust. I etterkant av turen har trinnet jobba med tema i ulike fag, på ulike måtar.

I norsk har elevane hatt som oppgåve

å skrive eit essay der dei fekk fram eigne personlige inntrykk frå turen.

Dersom du skulle lure på om turen er verd pengane, om det ungdommene opplever set spor i dei, om dei har noko igjen for turen, - då skal du lese desse tre elevtekstane!

**Brit Opsal - kontaktlærar 10. Trinn**



**Heilen gjengen samla før middag, første overnattingsstad, Landhotel Spornitz i Tyskland.**

## Men samvitet da?

Eg sit her no og skal fortelje om kva eg synst om turen til Polen, joda den var kjekk den, mykje spennande ting å sjå, masse billige ting å kjøpe, masse nye ting å sjå og høre.

Men jo meir eg tenker på alt me har opplevd jo meir synst eg det som skjedde under 2. verdskrig er gale. At folk kan i det heile tatt tenke på å gjere noko så forferdeleg mot heilt uskuldige folk?

Eg inni mitt hovud hadde aldri klart å kunne tenke som ein nazist, det veit eg. Som reiseleiaren sa: " Menneskeførkt, satt i system, nazisme".

Ikkje berre det at folk kan tenke å gjere noko sånt, men at dei faktisk gjer det også, og det at folk i det heile tatt har gjort noko så forferdeleg mot eit anna menneske er berre grusomt.

Å reise til Polen er ein oppleveling som eg aldri kjem til å gløyme så lenge eg le-

ver.

Ein del positive ting kom utav turen da, blei kjend med nye folk, reise til nye plassar og det å oppleve nye ting. Så kommer tanken oppi hovudet mitt:

Kan eg bli ein torturist? Nei, eller? Eg trur ikkje dei tyske SS-soldatane hadde eigentleg tenkt å bli torturistar heilt ifrå byrjinga av krigen, og heller ikkje jødane i leiren som vart tvungen til å torturere medfangane sine til døde. For viss ikkje dei jødiske medfangane gjorde som dei sa måtte dei jo døy også, og sånn var det.

Eg trur at mesteparten av alle menneske i verda kan strekke seg ganske langt for å ikkje døy. Kampen for å overleve var stor, og er det fremdeles mange plassar rundt om i verda.

Men samvitet da? Eg klarer ikkje å forestille meg å stå med skytevåpen i handa, nettopp ha drepe nokon, og så berre gå min veg som om ingenting har skjedd. Eg hadde aldri hatt samvittig-

heit til å gjort noko sånt, men som sagt kva gjer ikkje folk for å ikkje bli drepne sjølv? Eg trur ingen veit eigentleg kor langt eit vanleg menneske er villig til å gå for å berge sitt eige liv.

Medan eg no sit her og skriv tenkjer eg på bileta på veggene i Auschwitz 1 av alle fangane, alle dei er no enten gassa i hel, eller drepne på ein eller annan måte. Kanskje ein har overlevd, men døydd av sjukdom etterpå av noko anna, ikkje veit eg. Og alle skoa inni kammera og alle gasskammera.

Det er nesten som ein ikkje trur at dette har skjedd, eg sit bare og tenkjer på alle som har gått inn i gasskammera og ikkje visste kva som kommer til å skje med dei. Kanskje etterpå må ein som er i familie med dei som er gassa i hel gå og ta ut lika etter dei, og så seinare bli gassa sjølv.

Me må aldri gløyme kva som skjedde under 2. verdenskrig med jødane og alle dei andre som vart på ein eller anna måte påverka av dette. Eg kommer nok

aldri til å gløyme det eg har opplevd på den turen, og det håper eg ingen andre gløymer heller.

No når eg skal avslutte teksten så dett desse tankane oppi hovudet på meg: Jo, alle veit kva som skjedde under 2. verdenskrig, og alle veit kor forferdeleg det var, derfor må me sørge for at dette aldri kommer til å skje igjen nokon gong. Det får me ha til minne om dei over 7 millionar menneska som døydde. Tenk litt på den!

Irmelin Taraldlien

## Kva hadde dei gjort gale?

Det finst mange triste ting i livet. Kjærleiksorg, sorg, sakn og død. Men tenk deg det, korleis kan det vera å dreppe eit menneske, fordi ein får ordre om det?

Eg, ein heilt vanleg person, akkurat som den personen som stod i konsentrasjonsleiren i 1944 i tunne klede og utan sko i snøkulda, og blei skoten.

Den personen som fekk avfyrte den kula imot seg, kva hadde den gjort? Den dama, eller mannen, mora, faren, den homoseksuelle, jøden, eller den little, kva hadde ho gjort gale?

Ho hadde ikkje gjort noko gale, men soldatane skaut ho fordi dei hadde lyst, fordi dei fekk ordre om det. Dei skaut henne for moro skuld, fordi det var for mange av stakkaranane.

Kva hadde den little jenta gjort gale?

Ho har ikkje familie og foreldre lengre, dei er drepne. Ingen heim, den er brunnen ned. Ingen vener, dei er enten drepne eller plassert i ein annen leir. Ho er svært trøtt, denne jenta, sliten og svolten. Beina hennar verkar etter å ha jobba heile dagen, ho er tørst.

Kva hadde denne jenta gjort gale?

Dei hadde éin grunn. Éin einaste grunn, det er at ho var jøde. Foreldra hennar, som er drepne, kva hadde *dei* gjort? Dei fekk nesten ikkje mat eller drikke, og dei fraus. Mor til den little jenta, var ikkje like sterk som dei andre kvinnene i leiren, ho vart sjuk, og klarte ikkje å jobbe. Dei store, sterke mennene sikta derfor på henne, og skaut.

Og dottera, ho såg på.

Det var ikkje bare desse hjelpeause menneska som blei drepne i leirane. Også andre barn, vaksne og gamle. SS-soldatane brukte heilt utrulige måtar for å pina og dreppe folket på.

Dei brukte all slags våpen, soldatane sa dei skulle få seg ein dusj, men det var ikkje vatn som kom ut, det var gass. Soldatane hengde jødane, spytta på dei, slo og sparka dei.

Stakkaranane stod i kø for å bli drepne.

Ein etter ein, så heiv dei lika i krematoria og brende dei, for det var ikkje meir plass til og grave dei ned. Det blei for mange av dei.

Dei svake blei stilt opp i rekka, ein etter ein falt i bakken etter skota. Soldatane ropte først opp namnet deira, fangane svarde og sekunda etter var det nok ein gong fleire som skulle bli

sende til krematoria. Men kva hadde dei gjort gale?

Han var heldig av dei jødane som blei stilt opp i rekka, då slapp han å sjå på dei andre som datt i bakken. Dei andre jødane måtte stå og sjå på dei andre som blei skotne.

"Viss eg står likt som han, kanskje eg slepp å dette bakover, då?"

Trur du dei tenkte på det? Nei. Kanskje dei som hadde familie drepne frå før, men dei som har familie i leiren, barn eller ektefelle eller familie, kva tenkjer dei? Dei tenkjer kanskje; No er eg endeleg fri frå dette.

Men nei. Dei måtte etterlate sine kjære áleine igjen i leiren.

Kva hadde dei gjort gale?

Karina Kjetland

## Auschwitz 2 Birkenau!

Da jeg først så leiren, syntes jeg den så liten ut. Leiren måtte da være større enn dette, tenkte jeg, over 1500 000 mennesker hadde jo blitt drept her.

Da jeg først kom inn i leiren, fikk jeg vite hvordan denne leiren kunne ha holdt så mange mennesker. Guiden fortalte oss hvordan nazistene hadde stuet over 400 mennesker inn i en brakke ment for 150! Det var overskyet og grått, og dette gjorde at jeg fikk følelsen av at det aldri kunne bli solskinn over dette stedet, og det hjalp meg også til å forstå hvor forferdelig konsentrasjonsleiren måtte ha vært.

Da jeg så sengebrakkene fangene hadde ligget i, kunne jeg ikke skjønne hvordan 400 mennesker kunne få plass til å sove der! Det hadde ligget 7 i hver seng, sa guiden, men hvordan kunne det være mulig å få plass til 400 mennesker i så få senger? Det var helt kvalmende. Vi fikk se en toalettbrakke også, det var altfor få toaletter.

Da vi gikk bort til den eldste delen av leiren, fikk vi se hus lagd av murstein. Jeg trodde først at her hadde SS-



Porten inn til KZ Sachsenhausen, kor dei fleste av dei norske fangane satt.

soldatene bodd, siden de andre brakke ne vi hadde sett var lagd av tre, men vi fikk vite at her hadde kvinnene og barna som ikke ble sendt til gasskamrene bodd.

Jeg fikk sjokk da jeg så innsiden av bygningen. Sengene var små huler hogd inn i steinen, man kunne nesten ikke se veggen inni mørket. Hvordan kunne noen stue barn og kvinner inn i disse hullene?

For å komme til gasskammeret måtte vi gå helt opp i enden av leiren. Vi gikk forbi utallige hus, men vi kom til slutt til veien. Der var det lagt togskinner sånn at det skulle bli enklere å laste av fangene og sende dem til gasskamrene og krematoriet. Vi fikk se bilder av fanger oppstilt og klare til å bli sendt i døden.

Da vi nådde gasskamrene, ble jeg sjokkert av hvor små de hadde vært. Selv om de hadde blitt sprengt i stykker, så var det så lite at jeg lurte på hvordan de kunne drepe 1100 mennesker her om dagen. Det var jo ikke plass til det!

Etter minnestunden begynte folk å bevege seg tilbake mot inngangen. Men faren min ville vise meg pyttene der de hadde dumpet asken. Jeg, pappa, Silje og Alex småløp bortover for å rekke å ta en titt på dem. Det var helt kvalmedes! Vannet var grønt og slimete av all menneskeasken dumpet der, og rundt oss på bakken kunne vi se små beinsplinter ligge tydelig i jorda der vi trådte. Jeg tror ikke jeg har følt meg så dårlig i hele mitt liv!

Da vi nådde igjen gruppen vår, måtte vi vente på å få komme opp i vakttårnet over porten. Da vi endelig fikk komme opp, kunne vi se hvor stor leiren virkelig var! Brakkene strakte seg utover i flere kilometer. Jeg kunne ikke se enden på leiren!

I tårnet fikk vi høre litt om hva som hadde skjedd i leiren, og hvor mange som hadde blitt drept her. Da vi skulle tilbake til bussen, følte jeg meg ikke helt bra. Det hadde ikke vært noen morsom tur, men veldig lærerik. Kanskje jeg vil reise tilbake en dag.

Øyvind Birknes Langhelle

# Kulturkalenderen

## November

- 28. Kino i Auditoriet, **sjå s. 4**
- 29. Bokn Dansekubb, Juleavslutning på skulen kl. 13.00
- 30. Julegrantenning, skulen kl. 16.00, arr. Bokn RK
- 30. Gudsteneste kl. 19.00 - Lysmesse

## Desember

- 07. Bokn sundagsskule 10.30
- 07. Familiespeiding i gymsalen kl. 15.00
- 07. Normisjon, møte på bedehuset 19.30
- 08. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 09. Grautfest, speidalar kl. 18.00 i gymsalen
- 09. Kommunestyremøte
- 10. Kos og pynting på huset, arr. Bokn Røde Kors

- 11. Soknerådsmøte kl. 19.30 på bedehuset
- 12. Kino i Auditoriet, **sjå s. 4**
- 13. Juletresal og grautfest, arr. Bokn Røde Kors
- 14. Gudsteneste kl. 11.00
- 14. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
- 16. Julemiddag for ungdom, sjå s. 11**
- 20. Juletresal, arr. Bokn Røde Kors
- 21. Juletrefest på bedehuset 15.00 Arr. Ekornspeidalarar, Småspeidalarar og sundagsskulen
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletrefest (familiefest) på bedehuset 17.00 Arr. Frelsesarmeén og bedehusstyret
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

## Gratulerer!



Me vil gratulera prinsesså vår,  
**Martine Hesthammer**, med 5 års  
dagen som var 26. november.

**Klem fra tante Natalie, Besten og  
mormor**



**Anna Are, 75 år**

Gratulerer med dagen som var 21.  
november

Håpar du får ein kjekk dag.

**Helsing barn, svigerbarn og  
barnebarn**



Me vil gratulera **Ottar Håland** med  
75 års dagen som var 18. november

**Hilsen dine barn, svigerbarn,  
barnebarn og oldebarn**



16 år 4. november, **Charlotte K.  
Grønnestad**

Me vil gratulera vår kjekke storesøster og datter med 16 års dagen.

**Klemmar fra Niklas, Tommy,  
pappa og mamma**

## Bygdabladet for 20 år sidan

### Frå nr. 9 1988

#### ELG PÅ BOKN

Det er observert elg både på Austre og Vestre Bokn. Dersom observasjonane er rette, er det sett ei elgku på Austre Bokn og ein elgokse på Vestre Bokn.

Nokre meiner det kan vera den same elgen som er sett begge stader. Sikkert er det i alle fall at fleire har sett ein elg-okse på Vestre Bokn i den seinare tida, og han har gått og beita saman med storfe heilt inn på heimebøen til fleire gardar.

Viltforvaltar Odd Rønningen ved fylkesmannen si miljøvernnavdeling seier at det ikkje er oppsiktsvekkande at det nå er kome streifdyr av elg til Bokn, då elgen sitt utbreiingsområde aukar i Rogaland. Elgen eller elgane er sannsynlegvis kome til Bokn frå Tysvær. Han er god til å symja.

Viltnemda i Bokn har registrert elgen, og vil halda seg orientert om korleis det utviklar seg.

Frå før er det ein etter måten stor hjortestamme, og ein mindre rådyrstamme på Bokn.

Coop Haugaland avdeling Bokn Krets kan hvert år dele ut et kulturstipend på kr 5 000,-. Stipendet kan tildeles en ungdom yngre enn 25 år som er bosatt i Bokn kommune eller som tilhører Bokn krets. Formålet med stipendet er at mottakeren skal bruke dette til egenutvikling innen det utvidede kulturbegrepet.

Opplysninger om kulturstipendet utlyses årlig i januar måned i Bokn Bygdablad, og ved oppslag på Coop Haugaland avd. Bokn Marked. Søkere må sende skriftlig søknad til kretsstyret, med begrunnelse hva stipendet er tenkt bruk til. Dette må gjøres innen fristen som blir kunngjort i utlysningen.

Den som mottar stipend må sende en kort skriftlig redegjørelse til kretsstyret med bekreftelse om at stipendet er brukt som forutsatt. Redegjørelsen sendes kretsutvalget. Dersom stipendet ikke er brukt i henhold til forutsetningene, kan kretsstyret kreve at stipendmottaker tilbakebetaler stipendet i sin helhet.

Årlig utdeling finner sted i forbindelse med Coop Haugaland Avd. Bokn sitt kretsårsrådmøte.

Stipendet kan kun mottas en gang.

Stipendet evalueres første gang etter kretsårsrådmøtet i 2009.

## Kulturstipend

COOP Haugaland avd Bokn Krets deler kvart år ut eit kulturstipend.

Her er retningslinjene →

**Agnes Våge er død, 83 år gammal.**

Ho er fødd og oppvaksen på Håland. Foreldra var Bertine og Peder Håland. I barneflokkene var dei to jenter og ein gutt.

Agnes gifta seg med Bjarne Våge. Ho var husmor av yrke og hadde hagestell som hobby.

Ho var arbeidssom og snill, og ei god støtte for mannen sin.

Agnes etterlet seg mann, dotter og bror.

**Lina Knutsen er død, nær 94 år gammal.**

Ho er fødd og oppvaksen på Trosnavåg. Foreldra var Elise Theodora og Lars Elisæus Vatnaland. Lina var eldst av 10 sysken.

I ungdommen jobba ho på krambunga i Foresvik før ho flytta til Stavanger og fekk seg huspostar der. Under krigen arbeidde Lina på sjukhuset. Der traff ho Robert Knutsen, som ho gifta seg med i 1945. Etter krigen jobba ho mange år i hermetikken i Stavanger. Ho var også husmorvikar i Sandnes.

Lina var flink å skriva, og mange av novellene hennar stod i fleire ukeblad i ei årrekke. Ettersom ho blei

eldre, var det hagearbeid som blei den store hobbyen. Då Lina blei pensjonist i 1980, flytta ho inn i eige hus på Trosnavåg.

Ho var eit fint menneske med godt humør, og ei god farmor for barnebarna. Lina var prega av rettferdighetssans og sa fort i frå viss ho synst noko var skeivt.

Lina etterlet seg to barn, fem barnebarn og tre oldebarn.

**Marie Våge er død, 88 år gammal.**

Ho vokste opp i Oksebåsen med foreldra Berta og Sivert Jørgensen. Marie var yngst av fire sysken.

Ho gifta seg med Vilhelm Våge. Dei fekk fem søner og ei dotter. Marie blei enke då ho var 54 år.

I ungdommen var ho hushjelp, på Bokn og i Haugsund. Ei tid stelte ho for besteforeldra sine på Bru. Under krigen tok ho husmorskulen på Jæren.

Marie var glad i å lage mat, og stelte godt for mann og barn. Ho deltok i gardsarbeidet og hadde eit særskilt godt lag med dyra.

Marie hadde stor interesse for blomar og hagestell.

Ho hadde eit godt humør og klagde aldri, var omgangsfull, og alle andre sine behov kom før hennar

eigne. Marie hadde stor gjestfrihet, var veldig sosial og glad i menneske.

I mange år deltok ho i misjons-selskapet si kvinneforening. Ho lika å delta i sosiale arrangement.

Marie var svært glad i barn og sette stor pris på barnebarn og oldebarn, som ho las og song for, kokte kakao og graut til.



Det siste halve året var ho på Bokn sjukkestove der ho fekk særdeles godt stell og pleie, noko ho var veldig takknemleg for.

Ho etterlet seg 6 barn, 17 barnebarn og 2 oldebarn.

**Laurdagskafe**

1. november starta 9. klasse kafe på hjørnet av Coop'en.

Klassen vil tena pengar til den årlege studieturen til Polen i 10. klasse.

Lokala på hjørnet av Coop'en var

ikkje heilt fine, og klassen har jobba dugnad for å pussa opp. Arbeidsviljen har vore stor i oppussingsarbeidet, og det lovar godt for drifta av kafeen i tida framover.

Dei håpar at innbyggjarane set pris på tilbodet, og at mange tar turen innom kafeen på laurdagane for å

slå av ein drøs og få ein liten kaffetår m/vafler eller anna heimebakst.

**Opningstida er  
kvar laurdag  
kl. 11.00 – ca 15.00**



068/08

**Vedtekten til barnehagen.****Formannskapet vedtok:**

Bokn formannskap ynskjer ein meir fleksibel og dynamisk løysning for bruken av barnehagen innenfor den fastsatte opningstida og tildelingen av dagen. Formannskapet ynskjer også at det leggjest til rette for at ein kan bruke forfallsdagar til barn som har behov ut over tildelt tid eller ikkje har fast plass.

Bokn formannskap ber om at reglar for barnehagen sendes tilbake til administrasjonen for vidarebehandling der dette blir innarbeid i regelverket.

069/08

**Tilbakekjøp.**

**Formannskapet vedtok:** Tilbakekjøp av kommunal tomt etter søknad.

070/08

**Skulebygget: sikringstiltak ved utleige.**

**Formannskapet vedtok:** Bokn formannskap vedtok at utleige av skulen skal skje etter same retningslinjer som tidligare, men vil be om at gjeldande rutinar blir innskjerpa.

071/08

**Ballbingen: sikringstiltak.**

**Formannskapet vedtok:** Seksjon teknisk får fullmakt til å iverksetta nødvendige sikringstiltak. Ballbingen kan ikkje tas i bruk før området er sikra.

072/08

**Tilbakekjøp av strandlinje/ gnr. 9 bnr. 10 i Føresvik hamn.**

**Formannskapet vedtok:** Formannskapet avstår fra å selge 6m strandlinje fra eiendommen (tidligere del av gnr.9 bnr.10) som kommunen ervervet fra Bertha Våge. Rådmannen får fullmakt til å oppnevne plangruppa for utredning og gjennomføring av anlegg til park/båtplasser i samsvar med vedtatt reguleringsplan.

076/08

**Makebytte av kai.**

**Formannskapet vedtok:** Formannskapet vedtok retningslinjer for vidare behandling av saka.

078/08

**Prosjektet "Kjekt på Bokn".****Formannskapet vedtok:**

Formannskapet vedtok samrøystes å lyse ut ein 100 % stilling som prosjektleiar "Kjekt på Bokn", kommuneplanleggar og saksbehandlar i kommunen.

# Kikhoste

**Det har de siste ukene vært økt fokus på kikhoste i media. Den gamle barnesykdommen har de siste årene blusset noe opp igjen både i Norge og i resten av Europa.**

**Siden kikhoste er svært smittsomt ser vi at når vintersesongen setter inn forekommer det små utbrudd med kikhoste. Det viktigste ved slike mindre utbrudd er å hindre at uvaksinerte barn under 2 år samt personer med alvorlige sykdommer eller svekket immunforsvar blir smittet.**

**Tilfeller av kikhoste på Bokn**

Det er til nå påvist 4 tilfeller av kikhoste på Bokn i november måned. De er i aldersgruppen 6-14 år og er tilhørende på Bokn. Alle er i god allmenntilstand og får behandling. I tillegg gis det behandling til noen av familie-medlemmene på mistanke pga kraftig hoste uten at det foreligger positivt prøvesvar.

**Ufarlig, men plagsom**

Inkubasjonstida for kikhoste er ca ei uke. Sjukdommen starter gjerne som en vanlig forkjølelse med snue og sår hals. Først etter ei uke starter den typiske hosten med kraftige hostebyger og "kiking" der man nesten mister pusten og kanskje brekker seg.

Personer som har fått vaksine får gjerne ikke mer plager enn ved en kraftig forkjølelse. Uvaksinerte personer og spesielt små barn kan få klassisk kikhoste. For spedbarn kan kikhoste være farlig. Det er likevel ikke registrert mer enn 4 dødsfall av kikhoste etter 1982.

Man regnes som smitteførende ca 3 uker etter de første tegn til forkjølelse. Etter 2 uker med hoste har det ingen hensikt med behandling (antibiotika).

**Vaksinen varer ca 5-10 år**

Før kikhoste ble tatt inn i vaksineprogrammet på 1950-tallet ble 90 % av barna i Norge smittet av kikhoste. Vaksinen får barna nå når de er 3 mnd, 5 mnd, 12 mnd.

De siste årene har man sett en økning i antall kikhostetilfeller. Dette skyldes sannsynligvis at større barn, ungdom og voksne ikke har hatt god nok beskyttelse av vaksinen de fikk som barn. Derfor ble det i 2005 bestemt at barn født etter 1998 skal få en påfyllingsdose i første klasse og på ungdomsskolen for å gi forlenget beskyttelse opp i voksen alder.

Vaksinerte barn under 5 år regnes som fullt beskyttet mot kikhoste.

Som nevnt er det viktig å unngå at de minste og svakeste blir smittet. Personer med kraftig hoste oppfordres derfor fortsatt til å få time hos sin lege for å få tatt prøve og eventuelt få behandling. Prøven blir som regel tatt med en vattipinne i nesen.

**Spørsmål kan rettes til undertegnede på telefon  
52 75 25 40 eller via servicetorg telefon 52 75 25 00.**

24.11.08

**Dag-Helge Rønnevik  
Kommunelege**



## Ungdomsbustad til leige

Frå 1. januar 2009 er det ledig 1 ungdomsbustad på 61 m<sup>2</sup> på Øyrenfeltet. Det gjeld eigne reglar for leige av ungdomsbustad.

Bustaden har stove/kjøkken, 2 soverom, bad/WC/vaskerom og utvendig/innvendig bod.

Husleiga er for tida kr. 3.210,- pr. mnd. Straum og oppvarming kjem i tillegg.

**Søknad skal sendast til Bokn kommune, 5561 Bokn innan 10. desember 2008.**

## Spyling av kommunalt vannledningsnett

Det blir spyling av det kommunale vannledningsnettet i perioden 01.12 – 12.12.08 (veke 49 og 50) på dagtid.

Til orientering kan det i periodar forekomme gult/brunt vatn mens spylingen pågår. Dette er ikkje helsefarlig.

## Tannlege på Bokn

Tysdag og torsdag har vore dagar med tannlege på Bokn. Frå og med veke 47 vil dette bli endra.

Frå og med veke 47 og fram til jul vil tysdag vera fast tannlegedag på Bokn.

I veke 49 vil der ikkje vera tannlege, verken tysdag eller nokon annan dag. I veke 51 vil der ikkje vera tannlege på tysdagen, men på torsdag den 18. desember.

**Frå og med 01.01.2009 vil det ikkje vera tannlege til stades på Bokn nokon dag. Det vil koma ein tannpleier til å ta seg av prioriterte grupper som til dømes ungar. Skulle dei trenga tannlege vil der koma tannlege på staden etter behov.**

Andre grupper er ikkje prioriterte.

## Frisørrommet på Boknatun - juletilbud

Glattetenger kun 699,- Hårskum og spray i gavepakning kun 250,- Og ellers det du måtte trenge til håret.

Mine åpningstider er onsdag, torsdag og fredager kl. 09.00 - 16.00

Er fleksibel med åpningstidene i oddetallsuker.

## Ha ei fin førjulstid - Hilsen Anita

## Ingrid Ovidth er slutta i Bokn kommune

Ingjerd Ellingsen

**Ved skuleslutt skuleåret 2007/2008 tok elevar, personalet ved skulen og kommunen avskil med ein trufast medarbeidar gjennom mange år, Ingrid Ovidth.**

Ingrid valde å slutte i jobben som reinhaldar då ho var 62 år. Ho var tilsett i Bokn kommune frå 1985 og hadde hovudarbeidsplassen sin på Bokn skule.

Dei fyrste åra vaska dei alle romma etter at skulen var slutt om dagane, men dei siste åra har arbeidstida vore frå kl. 06.30 til 11.00 kvar dag.

Ingrid har og tatt sin tørn med å vaske etter ulike arrangement ved utleige og sytte for saman med kollegaene sine for at alle undervisningsrom var reine og fine til



elevane møtte opp på skulen til skulestart om morgonen.

Ho har vore ein lun og god medarbeidar og det var var rart ved starten av det nye skuleåret at ho ikkje var ein av dei faste medarbeidarane som møtte til skulestart.

Ingrid har nå vore pensjonist nokre månader og me ynskjer henne lukke til vidare med mange gode år som pensjonist.

## Julemiddag og intimkonsert

Jardar Havikbotn

**Den tradisjonelle julemidagen for 8. - 10. kl. samt vidaregåande Elevar blir i år 16.12, med intimkonsert på Petra etterpå.**

Det er musikaren frå Haugesund, **John Hallgeir Johansen (JOJO) - bildet**, som kjem til fritidsklubben for å halda ei musikalsk stund for tenåringane.

Han er svært allsidig og har eit imponerande utval av songar på repertoarlista si, over 1.200 - både gamle klassikarar og nye listelåtar - iflg. heimesida [www.jojo.org.uk](http://www.jojo.org.uk)

JOJO er bror av Britt-Synnøve Johansen, og har, som henne, ein kjempeflott stemme. Forutan å vera trubadur har han vore og er frontfigur i fleire band, som i dag er "Ten Tons" og "AlleyRats".

JOJO har mange cd'ar bak seg, men trivst best med å spela live og ha publikum nært innpå seg - med akustisk gitar og sin eigen stemme.



JOJO inviterer publikum til å koma med favorittønskene sine, og ungdomsarbeidar Elisabet Taraldlien fortel til Bygdabladet at ho vil nyitta seg av dette, og håpar at intimkonserten blir ein kjempesuksess!

**Dette må alle tenåringar i Bokn få med seg, påmelding på petra.no**

*Hjarteleg takk for blomar og og all deltaking ved gravferda til Marie Våge.*

*Ein stor takk og til personalet ved Bokn sjukestove for all omsorg og pleie så vel heime som på sjukestova.*

*Bernhard, Sigbjørn, Bjørg, Torfinn, Morten og Dag Inge m/ familiær*



# HÅRSMIA



Hei, julen nærmer seg.

Hårsmia ønsker alle velkommen til juleklipp på herrer, damer, barn og ungdom.

Kommer gjerne hjem til dere om det skulle være vanskelig å komme på salongen.

Skolebarn som trenger klipp må gjerne komme med bussen rett av skolen.

Herreklipp	290,-
Herre m/maskin	190,-
Dameklipp vask/føn	390,-
Dameklipp bare klipp	290,-
Barneklipp opp til 6 år	190,-
Barneklipp fra 6-12 år	250,-

Ring 52 74 86 47 - 46 44 29 20 eller send SMS for bestilling.

Ønsker alle en God jul og Godt nytt år!

Hilsen Mona

## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

## Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.

Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.

Pris pr. dag kr. 100,- + moms for leige av vridbar pusseskuffe.

### Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

## Behandling med

Kraniosakral terapi

Helsemassasje

Eg har ope på måndagar  
i Kyrkjebygd kulturhus, 2. etasje

Ingunn Are

Tlf. 52 74 84 41 - 90 24 90 57



## KROVÅGEN HESTESENTER

5561 Bokn – tlf. 91 12 08 01 E-post: kachris@online.no

Vi minner våre ryttere om JULESHOW i stallen søndag 14. desember kl. 12-15



# COOP MARKED BOKN



Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

# Forsikring handler om trygghet



Vil du vite mer?  
Ring 02002 eller  
se [www.sr-bank.no](http://www.sr-bank.no)



Funksjon	Navn	Tlf.	E-post
Ordførar	Kyrre Lindanger	52 75 25 03 - 91 67 17 26	kyrre.lindanger@bokn.kommune.no
Rådmann	Jan Erik Nygaard	52 75 25 01 - 98 22 15 01	jan.erik.nygaard@bokn.kommune.no
<b>Økonomi</b>			
Økonomisjef	Solrunn Alvestad	52 75 25 02 - 98 22 15 02	solrunn.alvestad@bokn.kommune.no
Rekneskapsansvarleg	Norunn Jordbrekk	52 75 25 07	norunn.jordbrekk@bokn.kommune.no
Skatteoppkrevjar	Lindy Haram	52 75 25 09	lindy.haram@bokn.kommune.no
<b>IT</b>			
IT-konsulent	Ture Kristiansen	52 75 25 20 - 99 09 53 14	ture.kristiansen@bokn.kommune.no
<b>Servicetorg</b>			
Servicetorgleiar	Gro Sørensen	52 75 25 10 - 98 22 15 00	gro.sorensen@bokn.kommune.no
Førstesekretær	Annette Bokneberg	52 75 25 11	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
<b>Helse, sosial, barnevern</b>			
Seksjonssjef	Tore Bøe Olsen	52 75 25 34 - 98 22 15 03	tore.boe.olsen@bokn.kommune.no
Barnevernleiar	Tore Bøe Olsen	52 75 25 34 - 98 22 15 03	tore.boe.olsen@bokn.kommune.no
Sjukestova		52 75 25 30	
Legekontor		52 75 25 40	
Kommunelege	Dag-Helge Rønnevik	52 75 25 40	dag.helge.ronnevik@bokn.kommune.no
Sosialsjef	Reidar Alvestad	52 75 25 04 - 98 22 15 04	reidar.alvestad@bokn.kommune.no
Psykiatrisk sjukepleiar	Miriam Berland	52 75 25 36 - 40 41 05 70	miriam.berland@bokn.kommune.no
Helsesøster	Henriette S. Lindanger	52 75 25 43 - 46 93 69 65	henriette.lindanger@bokn.kommune.no
<b>Kultur, skule, barnehage</b>			
Seksjonssjef	Dag Halvorsen	52 75 25 50 - 90 72 80 92	dag.halvorsen@bokn.kommune.no
Rektor	Ingjerd Ellingsen	52 75 25 51 - 98 22 15 11	ingjerd.ellingsen@bokn.kommune.no
Skulekontor	Annette Bokneberg	52 75 25 69	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Kultursjef	Jardar Havikbotn	52 75 25 08 - 98 22 15 08	jardar.havikbotn@bokn.kommune.no
Barnehagestyrar	Tone Børgesen	52 75 25 70	tone.borgesen@bokn.kommune.no
Biblioteksjef	Linda Ognøy	52 75 25 45	linda.ognoy@bokn.kommune.no
<b>Teknisk</b>			
Seksjonssjef	Hans Faye	52 75 25 05 - 98 22 15 05	hans.faye@bokn.kommune.no
Kommuneingeniør	Unni Høivik	52 75 25 06 - 98 22 15 14	unni.hoivik@bokn.kommune.no
Post til Bokn kommune			post@bokn.kommune.no
Post til Bygdabladet for Bokn			post@bygdabladet.no

## Div. tenester på Boknatur

### BOKN LEGEKONTOR

Hver tirsdag og fredag samt torsdager i partallsuker.  
Åpningstider 08 – 1530.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkelig hjelp: Bokn Legevakt:  
52 74 85 22 (hele døgnet).  
Dr Rønnevik er på Bokn hver dag og kan ta imot  
øyeblikkelig hjelp dersom behov.  
Ved livstruende tilstand: 113.

Timebestilling på internett eller SMS.  
Se [www.bokn.no](http://www.bokn.no) for mer info.

Listen fylles opp, men det er fortsatt ledig kapasitet!

### Dag-Helge Rønnevik - lege

### Åpningstider legekontor desember

#### Legekontoret er stengt i uke 49!

Ved behov for legetime er dr Egenberg på Hegren  
legesenter vikar for dr Rønnevik (telefon 52 75 88  
00).

#### Åpningstider i jula:

Lille julafaten: åpent  
Julafaten: stengt  
1. og 2. juledag: stengt  
30/12: åpent  
Nyttårsaften: stengt  
1. nyttårsdag: stengt

De dagene det er stengt er det legevakten som  
gjelder hele døgnet, telefon 52 74 85 22.

### Dag-Helge Rønnevik - lege

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00

#### Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleie av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknasenn, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11**

**E-post: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.  
Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61  
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!  
**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndager, onsdager  
og fredager kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43  
Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65  
**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.  
52 75 25 33 - 91 61 23 91  
Ta kontakt for avtale.  
Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.  
**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00  
ved fysioterapirommet.

#### Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhørende inngang.  
For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28  
Direkte nr.: 52 75 25 33  
**Rita Bokneberg - fotterapeut**

### TANNLEGEKONTORET

**Tysdagar kl. 08.30 - 15.00 Direktenr. 52 75 25 80**  
For endring av timeavtale: 52 75 45 20 - Tysvær

**Ingjerd Hope Myklebust- tannlege**

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00  
Treng du skyss, blir du henta på døra.  
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.  
Påmelding på tlf. 93 09 39 98  
**Mariann Malone - aktivitør**

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatur  
kl. 9.00 – 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 13  
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.  
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre  
vekedagar, tlf. **52 75 71 75**  
**Bjørn Bruaset - jordbrukssjef**

### NAV BOKN TRYGD



Arbeids- og velferdsforvaltninga

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

## - Eit makelaust fint arbeid

Jardar Havikbotn

### Boknakalenderen er også i år ei gave til Bygda-blad-abonnentane, og han blir tatt vel i mot.

Ein svært takksam abonnent frå Austlandet kallar kalenderen eit makelaust fint arbeid, med utruleg mange vakre bilder frå ymse stader i Bokn.

Den faste feriegjesten meiner også at amatørfotografene viser seg å vera fullt på høgde med fagfolk, noko som må vera ein stor inspirasjon for dei som har levert bilder til kalenderen, og for andre potensielle bidragsytarar til 2010-kalenderen. Lesaren vil også få takka Kjetil Hamre for fine lyriske innslag.

### Tradisjon

Mykje tyder på at Boknakalenderen er komen for å bli. Det gjeld berre om å finna den rette utforminga. Format er ein ting og innhald noko anna.

Etter tilbakemeldingar frå 2008-kalenderen har me fått på plass månefasar og merkedagar. Me følger også trenden med widescrreen-bilder, noko som har ført til at A3-arka blei liggande. Og for at det heile skal henga finare blir det brukt spiral. Svart/kvitt-bildene er også borte, eit naturleg resultat av "ferske" fotos.

For dei som skriv opp ulike aktivitetar i dag-rutene og brukar han som ein aktivitetskalender, er det for 2009 mindre plass til å gjera dette, men kanskje stor nok. Å finna opp eit produkt som gjer alle til lags, er som kjent ikkje lett. Årets kalender skal i første rekke vera flott veggpryd, og for å sitera diktaren frå framsida på produktet:

**- Me håbe at den vil falla i god jord  
Og hengast opp på veggen der du bor**


Den varmande gratulasjonen frå Austlandet føyer seg inn i rekka av mange gode tilbakemeldingar, og gir motivasjon når neste kalender skal lagast.

### Send inn bilder

Det er på sin plass å minna om at interesserte fotografar kan senda inn bilder. Kanskje knipsar akkurat du eitt av dei 13 fotografiene.

**Bildet øverst: Fredrik Faye sitt helikopter-foto frå marknadsdagen 12. juli i år.**

**Nederst: Me håpar mange har dette bildet på veggen 1. januar neste år. Foto: Hans Faye**



### Manglar kalenderen din månaden januar?

Det viser seg at nokre kalenderar manglar den andre sida, og ifølgje trykkeriet er dette ein beklageleg maskinnell svikt.

Ta kontakt med kulturkontoret, 52 75 25 08 dersom du har fått ein slik kalender.

Kalenderen, som er i eit begrensa opplag, kan ein få kjøpt på Coop Marked Bokn og i servicetorget på Boknatun.

**Pris kr. 150,- (Forbehold om utselt vare)**

I ei **meiningsmåling** på bokn.no om kva folk synst om formatet på kalenderen, var svarfordelinga slik etter 1.128 besvarelsar:

For liten:	3,81%
For stor:	33,87%
Passe:	62,32%